

## Saksprotokoll i fylkestinget - 15.12.2020

**Jon Askeland (Sp)** la til grunn at ordlyd i innstillinga vart justert slik at «hovudutval for opplæring og kompetanse» og «utvalet» vert endra til «fylkestinget».

### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Fylkestinget er positiv til vidareutvikling av samarbeid mellom vidaregåande opplæring, næringsliv og kommunar. Utvalet viser m.a til Bømløprosjektet, Årdal vg.skule og samarbeidsprosjektet i Nordhordland.
2. Fylkestinget legg til grunn at ein opprettheld og vidareutviklar etablerte samarbeid, samt etablerar dialog og samarbeid med lokalt og regionalt næringsliv/kommunar ved etablering og oppgradering av arena og areal knytt til utdanningsprogram der dette har utviklingspotensiale. Målet er å styrka kompetanse, trygga arbeidslivstilknytning og arbeidslivserfaring for elev.
3. Fylkestinget viser til verbalpunkt, VP 11 og ber om at det vert lagt fram ei sak for hovudutval for opplæring og kompetanse som viser korleis vidareutvikling av samarbeid om utstyr mellom dei vidaregåande skulane og næringsliv kan gjerast. Saka vert også lagt fram for hovudutval for næring.
4. Fylkestinget ber om ei løypemelding til hovudutval for opplæring og kompetanse i løpet av november 2021 om utvikling og etablering av samarbeid omtala i punkt 2.